

Høyringsvar – enklare meirverdiavgift med ein sats.

Det vert vist til høyringsbrev frå Finansdepartementet vedrørande NOU 2019:11. Utreiinga føreslår enklare meirverdiavgift med ein sats. Dette vil i så fall bety ein vesentleg auke på satsen på m.a. matvarer og persontrafikk.

Når det gjeld differansiert meirverdiavgiftssats vart den innført i 2001, først på mat- og drikkevarer. I 2004 vart persontransport avgiftspliktig med lav sats. I dag er sistenvnte sats 12%.

Flora kommune er i utgangspunktet positiv til all forenkling som kan gjere den kommunale kvardagen lettare. Når det gjeld endringar i satsen for meirverdiavgift (mva-satsen) må ein og sjå på dei samfunnsmessige konsekvensane av ei slik endring.

Ein auke i mva-satsen på matvarer vil ha negative konsekvensar for familiar/personar med låge inntekter. Det kan i neste omgang føre til auka press på utbetaling av sosialhjelpsstønad.

Satsen på overnattingstenester i hotell er i dag på 12%. Skal denne aukast vil det føre til vesentleg prisauke som vil ramme reiselivsnæringa hardt. Dette er ei næring som har arbeidd både hardt og lenge for å oppnå lønsemd og ein avgiftsauke vil vere tung å bære. Dette vil ramme distrikts-norge mest.

Utvalget sitt forslag om auka meirverdiavgift på persontransport samsvarar dårleg med ynskje om at flest mogleg vil nytte kollektiv transport. Det var grunngevinga for å innføre lav sats på persontransport og bør framleis vere gjeldande. I eit miljøperspektiv kan ein tenkje seg at ein heller går motsett veg og reduserer mva-satsen på kollektivtransport for å påverke folk si adferd.

Ein auke i satsen for persontransport vil og gje konsekvensar for prisnivået på persontransport med fly. Flyprisane på dei kommersielle innanlandsrutene på kortbanenettet er allereie svært høge, og desse vil neppe tåle ein ny prisauke på grunn av avgiftsauken.

Flora kommune har med stor interesse lese Widerøe AS sitt høyringsvar. Dersom det vert innført ein felles sats melder dei at dette vil få konsekvensar for dei kommersielle rutene på kortbanenettet. Dette vil og ramme Florø lufthavn hardt. Dersom det vert store kutt i flyrutetilbodet frå Florø lufthavn vil dette gje dramatiske konsekvensar for både næringsliv og folk på kysten. Flora er heilt avhengig av det rutetilbodet vi har over Florø lufthavn i dag, og heller til lågare prisar enn høgre prisar. Alternativt må rutene over Florø lufthavn over på FOT-rutenettet så snart som mogleg.

Flora kommune vil be om at det ikkje vert nokon auke i mva-satsen på persontransport. Dersom ein går inn for ein felles sats, må persontransport takast ut av avgiftsområdet og såleis bli friteke for meirverdiavgift.